



Kurt Eivind Miljeteig i arbeid - no satsar han sterkare på hjort

**Landets største hjortekommune Kvinnherad har til no ikkje hatt noko verksemd for vidareforedling av hjorten. Men no kjem verksemda hvis Kurt Eivind og Bjørg Inga Miljeteig**

på Friheim Gardsmat får gjennom planane sine på høgste hald. Prosjektet ligg no i Innovasjon Norge og vil truleg kosta 800 000 kroner, opplysar Kurt Eivind til uskedalen.no



Produksjonen av hjorteprodukt skal skje i det store garasjebygget til høgre (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eg kjenner berre til ein i Etne som driv med slik vidareforedling, seier han og opplyser at det ikkje skal skje utviding av sjølve bygningskroppen på Friheim. Dei skal nytta den rommelege garasjen og mellom anna få inn hengjebane og kjøleanlegg. Slik satsing er det behov for uansett, understrekar det driftige paret som har gjort utruleg mykje ut av garden under Nåsø.

Naturleg nok blir nedskjæringa av hjort ei sterkt sesongbetont verksemd der dei tek inn arbeidskraft etter behov om hausten. Dei skal kjøpa inn hjorten lokalt, partera dyra og laga ymse hjorteprodukt som dei veit det er ein god marknad for men som førebels ikkje er utnytta.

Neste generasjon Miljeteig skal bidra til produksjonen. Dei har for stutt tid sidan flytta inn i det nyrestaurerte gamlahuset.

Målsettinga er å kome igang med hjorteforedlinga allereie frå hausten, men det avheng i stor grad av finansieringa og helsa, understrekar Kurt Eivind. Familien skal ellers produsera som før. Sjølv om mykje av garasjen blir oppteke vil dei ha nok garasjeplass.

Av Ola Matti Mathisen